EMNENR: 6.

TILEGGSSPØRSMÅL. FOLKELEGE MUSIKINSTRUMENT.

OPPSKRIVE AV: Ånund Ramsfjell, Hjelmeland.

---

Eg har svert lite å svara til desse spursmåla. Men det er kjent at her vart laga rullar av never som dei brukte som lurar. Dei var av bjørkenevar. Av halm laga dei og små pipter serleg i skurdtida. Stavar med ringar innpå vart laga til ungane. Smell fekk dei til med posar fyllt med luft. Likeins fekk dei det til med revebjøller, blå-klokker og vanlege blad og blokker.

Enno vert det skote ved festlege høve her. Men ingen veit kvifor dei gjer det. Lyder eller ulyder veit me heller ikkje er brukt for å driva bort vonde ting.

Menher har vorte målt og skore krossar på dører til vern mot udyr og uheppa. Likeins å slå hestskor ein fann opp på inngongsdører.

10161